

# LÅVENDE SAKER '18



KARI BREMNES  
SIGRID MOLDESTAD  
MARIE KLÅPBAKKEN  
CLAUDIA SCOTT  
og mange fleire!

Mat, musikk, stemning og selskap  
til å bli begeistra av – midt i  
makelause Gudbrandsdalen

RUDI  
GARD

# Rudi Gard

## - dyrkar gode opplevingar!

Ein fin sommar eller haustkveld i Gudbrandsdalen er ei oppleveling i seg sjølv. I dalbotnen svingar Lågen seg roleg, og i dalsidene blir jorda dyrka mellom velstelte gardstun. Klima og jordsmønns gjev smak til fenomenale råvarer. Dalen er kjent for godt husdyrhald, og fjellet er rikt på vilt og fisk. Slike råvarer er viktige når vi dekker bordet for eit godt måltid på Rudi Gard.

Vi er fire generasjonar som bur på Rudi, og saman med trivlege medhjelparar likar vi å få gjester til gards. Visjonen er å bidra til at Gudbrandsdalen blir betre og meir interessant for oss som bur her, for hyttefolk og tilreisande. Sang, musikk, humor og glede er ein viktig del av opplevelinga på Rudi. På scena i Rudilåven står både landskjente artistar og gode folk frå dalen. I blant er det intimkonsert der du virkeleg kjem tett på. Andre kveldar fylles tun og låvar med blide folk i hopetal. Men alltid er det den gode stemninga som blir når folk treffast i trivleg lag og har god tid.

Vi håper du finn opplevelingar du har lyst på i årets program, og ønskjer velkommen til gards for nittande året på rad!

Helsing Nina og Øystein Rudi – vertskap





“Rudi Gard er en estetisk bonderomantisk opplevelse. Totalt sjarmert av ryllik i vaser her og der, levende lys og levende vertskap. Når det er konsert er lydbildet helt perfekt! Helt uventa fortryllende på en låve.

Eli Ranheim Moen



## **Program 2018, dag for dag**

Onsdag 2. mai	Klassisk med Sinfonietta Innlandet
Onsdag 23. mai	Sør-Fron og Mukampen Spelmannslag
Torsdag 24. mai	Næringslivets dag
Onsdag 30. mai	Humorshow med Kveli Rånes Bremseth
Laurdag 2. juni	Vårfest med Hillbabies og Byting
Laurdag 9. juni	Storofsin med Dissen, Solhjem og KGB
Fredag 15. juni	Claudia Scott med band
Søndag 29. juli	Seterdag på Valseter
Onsdag 1. aug	Sigrid Moldestad med band
Tors 2. – sør 12. aug	Ope gard, kunstutstilling og kafe
Laurdag 4. aug	Dølarock med Baksia, med venner
Tysdag 7. aug	Peer Gynt-middag
Torsdag 9. aug	Kari Bremnes med band
Onsdag 15. aug	Tett på trekkspelar Geir Marius Thorud
Torsdag 23. aug	Seniordag, rummegraut, tullprat og sang
Laurdag 25. aug	Blest med Marie Klåpbakken
Fredag 7. sept	Gudbrandsdalskveld
Laurdag 15. sept	Sheep o Høy med Belfast Lads
Onsdag 19. sept	Tett på Kvitre: Moss, Kaurstad og Hansen
Søndag 2. des	Stor julemarknad på Rudi



# Eit godt måltid før forestilling

Dette er eit populært tilbod for privatpersonar, bedrifter og vennelag. Til alle rettar serverer vi kaffe og dessert av det beste årstida byr på.

## **Tranchermeny på Rudi-vis** kr 490,-

- Heilgrilla entrecôte og saftige filetar krydra med eigne marinader og tranchert slik du ønskjer ved servering.
- Stor buffé med bakte poteter, soppstuing, laukkompott, grilla grønsaker og himmelsk saus.

## **Matbord frå Rudi-grillen** kr 450,-

- Saftige grillstykker av svin og okse krydra med eigne marinader og urteoljer, grilla laksefilet med kryddersmør, lammepølser frå Annis pølsefabrikk, potetsalat med rommedressing & sennepsdressing med urter frå Aukrust, tomatsalat med betaost frå Avdem gardsysteri og heimbakå brød frå eige kjøken.

## **Kulturgris – den beste svinefileten** kr 410,-

- Sør-Fron har nokre av dei beste grisebøndene som finst. Dei samarbeider vi med, og her får du den beste svinefileten innrulla i spekeskinke. Med tomatisert bernaisessaus, ovnbakte poteter og sesongens grønsaker.

## **Heilgrilla entrecôte av storfe** kr 450,-

- Norsk storfe er kjøtt av topp kvalitet.
- Med saltbakt tomat og Tromsnespoteter, sommarens grønsaker og langtidskokt raudvinssaus.

## **Øl-brassiert lammeskank** kr 450,-

- Lam direkte frå fjellbeite og langtidskokt i Rudi-øl. Serveres med stappe av mandelpotet, smaksrike ferske rotgrønsaker frå Gudbrandsdalen og Wenche sin lammesaus.

## **Peer på bukken** kr 590,-

- Reinsdyrfilet servert med blåbærssaus, ovnsbakte mandelpoteter, sellerirotmos og grønsaker.

Kaffe og dagens dessert inkludert.

Tilbehør til dei ulike menyane kan variere med årstida og tilgang på det beste av råvarer.

**Reservasjon av bord:** [oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) / 913 85 388

**”Eit måltid på Rudi skal væra raust og smakfullt. Bygd på tradisjon, nyskaping og ferske norske kvalitetsråvarer frå dyktige produsentar omkring oss.**

Wenche Kvebu, kjøkensjef



Onsdag 2. mai

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

## **Sinfonietta Innlandet med Atle Sponberg og Ann Helen Moen**

Samarbeid og samordning mellom Hedmark og Oppland står på dagsordenen på så mange felt. Musikalsk forbrødring har allereie skjedd i Sinfonietta Innlandet, som er ein fest av eit orkester med det beste av klassiske musikarar som er å oppdrive i Hedmark og Oppland.

Frå repertoaret nemner vi Holbergsuiten av Grieg, perler frå Mozart sine nydelege arier og spenstig regi – musikk i bevegelse. Atle Sponberg er orkesterleder og sangsolist er Ann Helen Moen – prisbelønna mezzosopran av internasjonalt format.

Billett kr 290,- / 100,- under 18 år.



Foto: Mads Kühne Andresen



Foto: Jan Alsaker



**Meny GARDSKAFÉ**



Onsdag 23. mai

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

Tett på

## Spelmannskveld med CD-lansering

Sør-Fron og Mukampen Spelemannslag har jamt hevda seg i toppen i landsomfattande tevlinger dei siste tiåra. Denne kvelden gjev dei smokebitar av repertoaret for festivalsommaren – tett på, i låvepøbbben på Rudi. Folke-musikken i Midt-Gudbrandsdalen er stadig på opptur, og det har vel knapt nokon gong vore så mange spele-menn som i dag. Da godt å ha rike kjelder å ause av.

Plateselskapet Talik og primus motor Rasmus Stauri lanserer rykande fersk Cd som dokumenterer og heidrar sentrale kjelder i spelmannsmusikken i midtdalen.

Billett 190,- / 100,- under 18 år.



Meny GARDSKAFÉ



Torsdag 24. mai

Kl 08.00–15.00

## Næringslivets dag

# «*Den smarte grønne dalen*»

Ein av dalens viktigaste møteplassar for framoverlent arbeid med næringsutvikling!

Fylkesordfører Even Aleksander Hagen kjem, og det gjer også nytilsett regiondirektør Jon Kristiansen i NHO Innlandet, leiar og gründer for Young Sustainable Impact Amund Grytting og Eldrid Rudland som er sjef i Skåppå Kunnskapspark. Programmet er lagt opp med god tid til mingling og prat, og Rudi Gard byr på lunsj av dei beste råvarer dalen kan by på!

**For meir informasjon og påmelding: [www.skapp.no](http://www.skapp.no)**

Sett av dagen og la deg inspirere!



Foto Even A Hagen: Kirsti Hovde



**Meny** RAUS RUDILØNSJ



Onsdag 30. mai

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

# Kveli Rånes Bremseth

- *Det e ittj storrelsa det kjem an på*

Godt humør hjelper mot det meste, og i Rudilåven er det tradisjon for å slå opp latterdøra på vidt gap. Denne fabelaktige trøndertrioen er ute med sitt femte show, og enda ein gong overfyller dei trønderske forsamlingshus med folk. Kvifor har meir enn 70.000 sett dei elleville forestillingane med Kveli Rånes Bremseth? Kanskje det er kombinasjonen av nyskrivne songar og gamle allsongslagarar, humor som ikkje er ondsinna, og dei originale figurane som prøver å takle kvardagsutfordringer som nabokrangel, kjærligleik, for mykje penger, for lite penger og usikre familieforhold.

Du får vanvittige historier med presisjon og snert, god musikk, og tre trønderske godkarar i storform!

«*Tiden er moden for å erobre resten av landet*» Trønderavisa

Billett 330,- / 100,- under 18 år.



**Meny** KULTURGRIS ALÁ RUDI



Laurdag 2. juni

Kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

## Vårfest

# Hillbabies og Byting

Vår blir til sommar og det er tid for ein god fest. Du kan starte kvelden med å reservere bord for eit godt måltid frå Rudikjøkenet, og grillen er varm utover kvelden slik den alltid er på sommarlege festkveldar.

**Hillbabies** er ein eminent gjeng musikarar frå Gudbrandsdalen som i årevis har hatt godfølelse langt inn i ryggmargen av å høre orginalen – Hellbillies! Med stor respekt for orginalen er det sett saman eit sett med favorittlåtar henta frå den enorme katalogen – frå «Sylvspente boots» i 1992 til «Søvnlaus» i 2016. Bli med på **Hillbabies** sin hyllest til Hellbillies!

Simen Bjørkli Stubbrud - gitar/mandolin/vokal, Syver Fossen – gitar/mandolin, Steinar Flatemo – piano/orgel/trekkspill/vokal, Svein Ivar Sæther – trommer, Tormod Myrvang – vokal/bassgitar.

Telemarksbandet BYTING har opparbeidd seg ei stor fanskare og dei samler horder med festglade folk til sine konserter landet rundt. Dei byr på med vaskeekte og sjølvlagda låter, eigne tekster – rett og slett folkrock til å bli glad og yr av!

Bill kr 330,- Aldersgrense 18 år.



**Meny GODT FRÅ RUDIGRILLEN**



Laurdag 9. juni

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Humorshow

# «Storofsin» med Dissen, Solhjem og KGB

«Storofsin» er eit humorshow av og med med Jørn Dissen og Rune Solhjem – samt bandet KGB: Krukhaug, Grindstuen og Bjørnstadhaugen. Saman tek desse elleville fyrane ein nærrare titt på store og små ofsar livet har å by på, så som ekteskap, skilsmisse og pappvurto.

«På sitt beste leverer de gull» *Gudbrandsdølen Dagningen*

Billett kr 330,- / 100,- under 18 år.



**Meny** MATBORD FRÅ RUDIGRILLEN



Fredag 15. juni

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Claudia Scott - countryrockens førstedame!

Claudia Scott er meir aktuell enn nokon sinne med sine eminente tolkningar i TV-programmet «Hver gang vi møtes». I 2017 var det 25 årsjubileum for hennar første soloalbum «Flowers & Thorns», med relansering og stor jubileumskonsert på Rockefeller. Hausten 2016 kom albumet «Let the ribbons fly», og superlativa hagla over Scott: «Rockens førstedame», «Norges americanadronning», nominasjon til Spellemannspris og utselde konsertar over heile landet. Møt Claudia og eit suverent band i storform!

Billett: 390,-



Foto: Annette Larsen



**Meny** HEILGRILLA ENTRECÔTE



Søndag 29. juli

Kl 12.00–16.00

## *Seterdag på Valseter*

Trivleg familiedag på Valseter like ved scena for Peer Gynt-teatret ved Gålåvatnet. Gråtass og mjølkebilen går i skyttel og Valseter galleri opnar årets sommarutstilling.

Handverkarar er i sving, det er ope på Solbraa setermuseum, og seterkafé med rummegraut.

Gratis inngang.

**”Takk for at jeg fikk min flotteste kulturopplevelse på Rudi Gilde! Nydelig mat i fantastiske omgivelser! Helt ubeskrivelig.**  
Hege Ekren



**Meny** RUMMEGRAUT



Onsdag 1. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Sigrid Moldestad med band

Sigrid Moldestad er ein av Norges fremste artistar innan folk, vise -og tradisjonsmusikk. Ho har eit sterkt forteljarhjarte og ei eiga evne til å berøre publikum anten det er med leikfull kraft eller melankoli og sjølvskrivne viser og tekstar. Siste plata «Vere her» kom hausten 2017, same året som Sigrid feira ti år som soloartist. Sigrid har vore på Rudi tidlegare, og vi gler oss stort til gjenhøyr med henne og eit fenomenalt band med mange farestiftar.

Billett kr 390,- / 100,- under 18 år.

---

Opning av kunstutstilling med Trine Håkonsen kl 19.00

---



**Meny** HEILGRILLA ENTRECÔTE



Kvar dag frå torsdag 2. august til søndag 12. august

KL 12.00–16.00

## Ope gard

# Utstilling, gardskafé og vandringer i landskapet


Dette er trivlege dagar der mange kjem for kaffe i låvepøbbben, for å sjå bilder eller for å sitja på tunet og gjera absolutt ingen ting! Det er også fint å ta ein fottur langs gardsvegar og stiar i det rike kulturlandskapet i grenda.

Utstillar i år er Gjøvik-kunstnaren **Trine Håkonsen**:

– *Fellesnevneren for mine kilder, Vigeland, Antony Gormley og Ibsens Peer Gynt er hvordan de forteller historier om menneskets eksistens og livsløp.*

Du kan også oppleva fleire kjente kunstnarar med rotfeste i dalen: **Ståle Blesterdal**, **Vegard Stalsberg** og **Jorunn Krag Dahle**.

Gratis inngang.





Laurdag 4. august

Kl 21.00. Ope gard frå kl 19.00

## Dølarock

# **BAKSIA, Arild Skar, Randi Marie og Egil Kjørstad**

Kvarter år sidan 2001 har **Baksia** stått på Rudi-scena i august. Og kvarter år er det stuvande fullt tun med feststemte gjester frå 18 til 70 år. På scena kjem også **Arild Skar**, ein annan legendarisk dølarocker. **Randi Marie** har teke ein solid og vel fortent plass i musikklivet i dalen, og **Egil Kjørstad** er ein skatta trubadur som ofte bidreg i festlege lag. Også den yngre garde er velkome på konsert før festen dreg i gang.

Billett kr 350,- / alle inntil 18 år går gratis på konsert.  
Aldersgrense 18 år etter konserten.



**Meny HEILGRILLA ENTRECÔTE**



Tysdag 7. august

Kl 17.00

## Peer Gynt-middag

Det er Peer Gynt-tid og denne kvelden er det konsert i Sør-Fron kyrkje. Start kvelden med ei god matoppleveling på Rudi Gard.

Menyen er inspirert av bukkerittet, og råvarene er henta frå Peer Gynt sitt rike; Reinsdyrfilet med blåbærsaus, ovnsbakte mandelpoteter frå Tromsnes i Fåvang, godt tilbehør, og dessert med jordbær frå Kaurstad-bonden i Ringebu! Og middagen blir servert i omgivelser der til og med Peer sjølv kunne finne på å dukke opp.

Peer Gynt middag kr 590,-

(Billett til konserten bestiller du gjennom Peer Gynt AS.)

**”Inspirerande å ha i nabolaget. Simen Skoe**



**Meny PEER PÅ BUKKEN**



Torsdag 9. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Kari Bremnes med band

Kari Bremnes er av våre aller fremste låtskrivarar og songarar, og er ein formidabel live-artist. Ho har ein unik evne til å nå folk over heile landet, og Kari knyter sterke band til sitt stadig større publikum. Bremnes har skrive songer halve livet, vore artist enda lengre og gjennom åra har ho nærmast utvikla ein eigen sjanger. Kjerna i den er nærheita til folk og historiene rundt liva vi lever. Om å miste, om å finne. Om storheit og trivialiteter.

*– Konsertene er det mest spennende jeg gjør. Og vi snakker høyspenning. Det er der vi møtes med alt vi har, sal og scene. Jeg har alltid hatt stor respekt for publikum, men de første årene var jeg reddere. Etterhvert har vi utviklet noe som ligner et vennskap, publikum og jeg. Det er en absolutt forvandling, sier Kari Bremnes.*

Billett kr 490,-



Foto: Kai Arne Pedersen



**Meny** TRANCHERBIFF PÅ RUDI-VIS



Onsdag 15. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 19.00

Tett på

## Geir Marius Thorud

Geir Marius Thorud er spelmann med stor S. Med stort repertoar og mange musikkvenner kan ein treffe på denne karen nærmast kor som helst der ein høyrer god musikk.

I konsertsalar og kyrkjer, med kontrabass i eit spelemannslag eller som trekkspelar og humørspredar i hestesleden undervegs til Rørosmartnan. Det er ei opplevelse å koma tett på denne spelmennen!

Bill 190,- / 100 under 18 år.



## Meny GARDSKAFÉ



Torsdag 23. august

Kl 12.00

Seniordag på Rudi Gard

## Til Røros med hest, tullprat, musikk, allsang og rummegraut!

Vi dekker langbordet i låven og byr på rummegraut med ein smak spekemat til dugurd. Ved sidan av maten blir det underhaldning. Fron lasskjørarlag kører kvar vinter ein eventyrlig hestetur over fjellet til Rørosmartnan. Marita Aanekre syner bilder frå turen, Geir Marius Thorud kjem med trekkspel og Øystein Rudi tek fram fela. Og det blir fine viser med Prøysenpris-vinner Øyvind Sund, tullprat ved Håkon Sveen og allsang.

Kr 390,- inkludert servering.



## Meny RUMMEGRAUT



Laurdag 25. august

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## ***BLEST med Marie Klåpbakken***

Etter å ha spelt ei årrekke i bandet Vamp, valde Torbjørn Økland, Carl Øyvind Apeland og Paul Hansen å fortsetja sitt musikalske samarbeid. BLEST er namnet på denne nye supergruppa, som har hausta glitrande kritikker både live og på plate. Vinstrajenta Marie Klåpbakken er også med på laget når denne godgjengen kjem til gards. Vi garanterer ei stor oppleveling!

*– Skikkelig bra plate! Blir bedre og bedre for hver gang jeg hører den! Utrolig dyktige musikere og veldig fine arrangement. De spiller så lekent og lett, samtidig som låtene også har dybde. Både melodier og tekster har en nerve som gjør at du har lyst å høre mer. (Aagot Karoline Nilsen)*

Billett kr 390,-

**”Rudi Gard står for kvalitet og verdier som er i tråd med våre verdier, og bidrar til et imponerende mangfold av kultur, mattradisjoner og gode opplevelser til glede for både døler og tilreisende. Derfor samarbeider vi aktivt med Rudi Gard.**

*Sparebank 1 Gudbrandsdal, Adm. banksjef Per Ivar Kleiven*



**Meny KULTURGRIS ALÁ RUDI**



Fredag 7. sept

Kl 20.30. Ope gard frå kl 18.00

## Gudbrandsdalskveld

Bjørn Sletten er kultursjef i Sør-Fron, revyartist og musikant. Han har alliert seg med gode kollegaer i Jertru Stallvik frå Sel og Olav Brostrup Müller frå Lillehammer. Dei sett saman eit variert program med gode kulturkrefter, der du kan oppleva mangfaldet i den kulturelle Gudbrandsdalen anno 2018. Ungdommeleg pågangsmot kombinert med ringreven si erfaring funkar!

Billett kr 290,- / 100 under 18 år.

**”Flott beliggenhet, trivelige folk i arbeid, nydelig mat, gedigen låve på alle vis, og super konsert = Oppskrift på trivsel og vellykka kveld!**

*Hege Ravidal*



**Meny ØL-BRASSIERT LAMMESKANK**



Laurdag 15. september

Frå kl 18.00

# ***Sheep o høy – bondeaction på sitt beste!***

Fartsfylt bonde-action er ei årleg storhending på Rudi Gard. Verdas beste sauklypparar kjemper mot Arwel Jones fra Wales sin fantastiske rekord frå 2013 på 19,14 sekund. Med storskjerm, musikk, Bjørnar Bakken som hovedspeaker, og horder av engasjert publikum er dette ei festforestilling!

Kl 18.00 Ope gard og servering av heilgrilla lam

Kl 20.00 Stor konkurranse i taugtrekking

Kl 21.00 Speedklypping med verdas beste klypparar

Kl 22.00 Fest med The Belfast Lads

Bill: kr 350,- utan servering / kr 690,- inkl heilgrilla lam.

Aldersgrense 18 år etter klyppeshowet.

**”Kjempefin beliggenhet, nydelig utsikt over den vakre dalen, hyggelig vertskap og fine arrangement kjennetegner Rudi Gard. Turid Karoline Hemma**



**Meny HEILGRILLA LAM**



## Belfast Lads

Dei har løfta taket av Rudilåven dei aller fleste år. Sheep o Høy har stått på plakaten på Rudi.  
Ekte vase og suveren dansemusikk!



«Sheep o høy» er i samarbeid med Nortura, Furuseth AS og Sør-Fron Sau og Geit.





Onsdag 19. sept

Kl 19.00. Ope gard frå kl 18.00

## Tett på sanggruppa KVITRE

### **Vemund Moss, Inger Blytt Kaurstad og Kristine Sletten Hansen**

Frå gospelmiljøet i Ringebu og Fåvang dukkar stadig nye og spennande musikalske kombinasjonar opp. Her møter vi tre artistar som har utmerka seg, og som har laga sin eigen trio i pur glede over å skape fin musikk saman.

Tett på foregår i låvepøbbben på Rudi, akustisk og nært!

Billett 190,- / 100 under 18 år.



Foto: Tor Kjell Ulven



## Meny GARDSKAFÉ



Søndag 2. desember

Kl 12.00–16.00

## Julemarknad

*Handverk, kunst, mat og trivleg førjulsstemning*

Med mangfoldige utstillarar, servering, musikk og godlukt i låven er dette av årets trivlegaste dagar. Eit godt høve til å skaffe dei siste julegavene er det også.

Utstillarane kjem frå heile dalføret og Østerdalen, og blant utvalet er lokal mat og drikke, fenalår og pinnekjøtt, handarbeid av dei fleste slag, knivar, tresløyd, ullprodukt, kornband og jultre, julekaker, skinnarbeid, tekstilarbeid, syltetøy, saft og mykje meir.

Gratis inngang.



## Meny GARDSKAFÉ



# Førjulshygge på Rudi Gard

Velkome til trivsel og hygge i førjulstida. Mange ønskjer seg ein julemiddag og gjerne litt underhaldning på dagtid.

Eller kom til ein kveld der god mat, drikke og underhaldning blir sett saman akkurat slik de vil ha det. Rudikjøkenet kan diske opp med heimelaga julemat slik det var på gardane i Gudbrandsdalen før i tida.

Nyt den opprinnlege smaken av heimesydd lammerull, sylte, rakfisk og hermetiserte kjøttkaker som tek fram att minner frå ei anna tid. Vår varme velkomstdrink blir ofte servert i gamle fjoset, og når de kjem opp i låven er stemninga sett for ein trivleg kveld.

Ta gjerne kontakt med oss for programforslag!



## Rudiøl og andre handverksøl

Vi lager vårt eige handverksøl på Rudi Gard. **Peter Syrten** er vår dyktige og pasjonerte brygger, og han byr på øl tilpassa både årstid og meny. Vi fører også mange ølsortar frå ulike bryggeri, og alt ligg til rette for ein god ølprat og smaker av ekte handverksøl.

**”Fantastisk mat og betjening! Jan-Tore Johansen Stensbøl**

# Arrangement for bedrifter og private selskap

Mange bedrifter og vennegjenger kjem til felles opplevingar på Rudi Gard.

Vi kan rigge Rudilåven for kurs, møter eller festleg lag, og kjøkensjef Wenche Kvebu byr på matopplevingar i særprega lokaler. Morosame og inkluderande konkurranser i landskapet omkring garden kan krydre opplevinga, og gode samarbeidsbedrifter byr på overnatting i nabologat.

Aktivitetar og servering for grupper før forestilling i Rudilåven er eit populært tilbod. Grupper kan også reservere garden for eigne arrangement. Ta gjerne kontakt, så lager vi eit forslag!

Tlf 913 85 388 / oystein@rudigard.no

**”Et utmerket sted for å samle ulikt næringsliv fra hele Gudbrandsdalen. Her er det også fokus på god mat og et vertskap som snakker med sine gjester på en fin og ekte måte!**

**Arne Sandbu, rådmann i Nord-Fron**





Mange er delaktige i utforminga av såmmår-programmet Låvende saker. Både publikum og artistar kjem med mange forslag, og programmet blir sydd saman av vertskapet, med kreativ medarbeider Vegard Moshagen og kjøkensjef Wenche Kvebu som viktige bidragsytere.

Takk for godt samarbeid!  
Nina og Øystein Rudi

#### Hovudsamarbeidsbedrifter



#### Samarbeidsbedrifter



WADAHL

#### Offentlege medspelarar



# Billettar

[www.ticketmaster.no](http://www.ticketmaster.no)  
tlf 815 33 133

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)  
tlf 913 85 388

**ticketmaster®**

Til større forestillingar er det nummererte plassar i Rudilåven, og du kan sikre deg kremplace ved å vera tidleg ute. Billettar blir seld ved inngangen så lenge det er plass. Med etterhald om programendringar.



## OVERNATTING

Sygard Grytting	61 29 85 88	<a href="http://www.grytting.com">www.grytting.com</a>
Øvre Rudi	930 54 466	<a href="http://www.rudioovernatting.no">www.rudioovernatting.no</a>
Wadahl Høgfjellshotell	61 29 75 00	<a href="http://www.wadahl.no">www.wadahl.no</a>
Fefor Høyfjellshotell	61 29 00 99	<a href="http://www.fefor.no">www.fefor.no</a>
Dale-Gudbrands Gard	911 58 938	<a href="http://www.dalegudbrands-gard.no">www.dalegudbrands-gard.no</a>

Rudi gard ligg langs Gudbrandsdalsvegen (gamle E6), 70 km nord for Lillehammer.

**Frå sør:** Ta av E6 i nordenden av Fryasletta. Følg Gudbrandsdalsvegen til vegskilt «Rudi Gard».

**Frå nord:** Ta av nye E6 ved Harpefoss. Følg fylkesveg over Lågen og ta Gudbrandsdalsvegen sørover til vegskilt «Rudi Gard».

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00  
N 61,57571 Ø 9,90769

# RUDI

[www.rudigard.no](http://www.rudigard.no)

[oystein@rudigard.no](mailto:oystein@rudigard.no) Mob 913 85 388  
Rudivegen 40, 2647 Sør-fron